

KONTAKTBLAD FOR

Nr.40 Des. 2007 18.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

Ta ein tur innom:
www.hjartdalhistorielag.no

Tema:

Å
S
v
e
g
e
n

Historielaget har nå rydda og merka Åsvegen – den gamle ferdelsvegen mellom Tuddal og Gransherad. Bildet viser ”sjefen” for ryddegjengen – Ole Eivind Næssen – ved Krossfuro, om lag midtvegs mellom Løgndal og Tåterhus.



RYDDINGA AV ÅSVEGEN.

For et par år sia bestemte vi i Historielaget å ruste opp den gamle Åsvegen til tursti.

Åsvegen var ein mykje brukta ferdsselsveg i eldre tider som gjekk mellom Løgndal i Tuddal og Bakken i Gransherad- nær grensa mot Sauland. Av praktiske grunnar valde vi å avslutte ryddinga ved Tåterhus, omlag ein km ovafor Bakken.

Vegen var fleire stader vokse att og vanskeleg å følgje, vi var derfor i byrjinga avhengig av god hjelp frå lokalkjende: Knut Løndal frå Tuddalsida og Mag-

ne Hvamb frå Tåterhussida.

Dei to siste somrane har vi så først rydda den gamle stien, seinare merka den med raudmåling, og til slutt satt opp skilt på ulike stader langs vegen.

Det har blitt ein fin turveg på ca 12 km., høgaste punktet på Saltkleiv er ca. 650m. Vegen kan gåast frå både endar, men er noko lettare med mindre stigning frå Løgndal.

Til våren (truleg 8.juni) blir det ein fellestur i lag med Notoddens Turlag.

TH

ÅSVEGEN

Velkommen til ein tur langs Åsvegen - den gamle Tuddalsvegen.

-Vegen er rydda og merka frå Tåterhus til Løgndal i Tuddal.

-Åsvegen er også kalla Konnvegen, fordi tuddølane kloyna og bar korn og salt til bygda i dårlege tider.

-Denne vegen har vore i bruk som bygdeveg frå eldgamle tider og fram til 1830-åra. Som buveg (stusveg) var vegen i bruk til slutten av 1950-åra.

-Åsvegen er ca. 12 km. lang og normal gangtid er 4 timer.

-Vegen følger kommunegrensa mellom Notodden og Hjartdal frå Tåterhus til Løgdalsjuvet.

Ha ein god tur!

Hjartdal historielag

Åsvegen av Ivar T.Dahl

Åsvegen, er den gamle vegen til Tuddal. Han går frå Bakken i Gransherad til Løngdal i Tuddal, ca. 4 timars gange.

Åsvegen er i 2006 rydda og merka av Hjartdal historielag til turveg, og dei som tar turen skal vite at her har folk gjennom hundrevis av år traska føre dei.

Åsvegen er også kalla Kønnvegen, fordi tuddølane kløvja (hestekløv) eller bar korn til bygda der i dårlege år. Den siste vi veit om som bar korn her var husmannen Tore Bergtjønn. Han bar ½ tonne (ca. 90 kg.) frå Tangenbrygga i Heddal til Bondal i 1830-åra. Sidan den tid har vegen stort sett blitt nytta som buveg (stulsveg), like til i 1960-åra.

Der er ein del namn langs vegen det knyttar seg hendingar til. Kan hende vil det vere av interesse for dei som skal fare den nyrydda vegen på tur å få vite litt om dette?

Tuddalsskåtet

Åsvegen startar eigentleg nedom Bakken ved Gransheradvegen. Han kryssar åa, Ørvella, like nedom Bakketjønna. Der er eit skåt oppover fjellet der det er lagleg å gå, og det blir kalla Tuddals-skåte. Ei lita historie fortel kor bratt her er:

Gamle Gunleik Bakken og Halvor Særslund sat ein gong i Bakken og snakka om moderne teknikk.

"Hadde eg hatt ongar," sa

Halvor, "så tenkjer eg dem sku gå på skular, fe nå bli det slutt på o arbei', det e bære elektronikk o knappar o trykkje på."

"Ja," sa Gunleik, "send ei slik maskin oppover Tuddalsskåte o hent ei tømmervende, så ska me sjå hått o kjem att med," sa'n.

Eit skåt tyder ein svært bratt bakke.

Tåterhus

Dette er ein veglaus, og nå huslaus husmannsplass, som

har hørt til Tjønnås. Ungane her måtte like til Sauland på skule. Eilev Deilkås, f. 1921, fortel at han gjekk på skule på Landsverk i Sauland saman med ei jente frå Tåterhus. Ho måtte krysse den lange Ålamoen, ofte i djup snø. Is og snøklompane hang i skjörtet hennar då ho kom fram, og ho var silevåt på beina. Dette var rundt 1930, men det budde folk i Tåterhus til ca. 1960. Hjartdal kommune har eigm plassen i lange tider. Uthuset rotna ned, men kommunen selde stugu og det gamle buret. Det kom veg til Tåterhus da folka flytta derifrå.

Krossfuro

Dette er ei eldgammal malmfuru som står i delet mellom Vårstulen og Hjartdal kommuneskog. Djupt innskorne krossar på kvar side har truleg gitt furua namn. 300 meter nordvest for den er ein nedlagt stule som heiter Krossfurudalen. Denne stulen var vårstule til Vårstulen i Gransherad.

Krossfuro var eit kjent vegmerke når budeiene fór med buferdene både frå Hafstein i Gransherad og Heddal. Så

lengे desse buferdene fór, var Åsvegen godt opptråkka.

Ei av dei siste som fór her, var Ingebjørg Bakken som sat som budeie på Femorklia ved Kovvatnet i Tuddal. Heddølane fór gjerne Åsvegen for å sleppe å fare gjennom Sauland. For bøndene her var ikkje alltid like blide når kyrne kom inn på åkrane deira om våren.


Solberg, heiter eit slett berg mellom Krossfuro og Saltkleiv. Dette er ein fin kvilestad som nok har blitt mykje nytta.

Saltkleiv

Høgaste punktet på Åsvegen passerar du på Saltkleivhåvet, også kalla Saltkleivåsenn. Her var det ein triveleg kvileplass for dei som fór den gamle Tuddalsvegen, enten med kløvhest eller tung bør.

”Seltkleiv” har truleg namnet sitt etter alle dei tunge saltsekkane tuddølane bar til bygda gjennom hundrevis av år. Men mang ein salt sveitetråpe har nok òg drope av panna til fjellmennene, sjøl om det nå går unnabakke.

Saltkleivølla, nokre hundre



Kjernen i dugnads-gjengen rastar ved Mannbeintjønna: Ole.E.Næssen, Knut Løndal og Torkel Hytta

meter vidare langs vegen, var namngjeten og traut (blei aldri tørr). Ølla (olle, vasskjelde) ligg tett ved vegen nedunder Saltkleiv, under eit bratt berg. Den som kunne sjå alle som har sløkt tørsten her gjennom hundreåra, ville ha mykje å fortelje.

I den tid folk var plaga av rovdyr, hadde Siljudalen og Vårstulen eit bjønnestille her. Dei låg i skjul her medan bjønnen forsynte seg av åta dei hadde lagt ut, oftast ein gammal hesteskrott.

To tjønneputtar som ligg like under høgaste Saltkleiv, heiter Diplenn, men er også kalla Saltkleivtjønnenn.

Gullbotshønn

Til denne staden knyter det seg ei dramatisk hending. Segna fortel at kyra Gullbot stanga ihel ein bjørn. Gamle Gregar Siljudalen har fortalt at ein gong var ein bjørn etter buskapen frå Løngdal. Men den dyrvonde (forsvara seg) kyra, Gullbot, rende på og fekk bjørnen klemt imot ei

ufs. Ho sette horna i sida på bjørnen, og han sto der som fastnagla. Kyra fekk sperre i beina så ho stivna, og da folk fann dei, sto begge stive og daude. Horna hadde gått igjennom bjørnen.

Etter denne hendinga blei kyra grave ned og ein masse stein blei røysa oppå for at ikkje andre rovdyr skulle grave ho oppatt. Så sette dei horna av Gullbot på ein stake, og når dei før til stules langs Åsvegen om våren, snudde dei horna oppover imot fjellet. Når dei kom heimatt om høsten, måtte dei snu horna heimover. Det var nok ei tru bak dette, kan hende eit ønske om ein god busommar (god sommar på stulen) fri for rovdyr.

Røysa der dei mura ned Gullbot var synleg til etter krigen, men nå er ho nedgrodd, seier Eilev Deilkås.

"Gransheradsoga" fortel at dei sette horna av "Gullbot" på ein stake i røysa og at horna ikkje hadde hatt klåter. Ho skulle ha spisse horn å verge seg med..

Den vardeliknande røysa der, er ifølgje Tarald Wårstulen, ei delerøys.

Mannbeintjønna

Om lag ein km. vidare frå Gullbotshønn, kjem Åsvegen til Mannbeintjønna.

Ei gammal segn fortel om tri karar frå Sønderland i Tuddal. Hendinga er ikkje historisk (ikkje i kyrkjebøkene), men lever i eldre folk sitt minne. Det heittes at dei tri Sønderlandskarane, ein far med to søner, hadde vore i Skien. Da det leid mot kvelds, sette dei seg ved ei stor tørrfurru ved tjønna. Det var tyri i fururota, og det brann og vermede godt. Men dei må ha vore utkjørde, desse karane, for medan dei sov, fall furua over dei og drap alle tri.

Tri steinstøtter er reist på staden. Ei stor for faren, ei litt mindre for den største guten, og ei lita for minste-guten. Men jord og mose har pakka seg langt oppover minnesteinane nå, slik at den vesle bare er ein liten steintopp over marka.

Nå er det stilt og hemmehol der ved den vesle tjønna under Bodik.

"Gransheradsoga" fortel at etter ei segn skulle dette ha foregått i året 1840, men det virkar lite sannsynleg.


Ved sørnste oset i Mannbeintjønna kjem vegen over heia frå Siljudalen. For gransheringar som vil gå Åsvegen er det naturleg å fare her.

Vegen vidare frå Mannbeintjønna, mot Tuddal, kryssar det djupe **Løngdalsjuvet** og går framom plassane **Haugland** og **Knutsgard**. Haugland skal ha vore ein kvileplass for dei som før Åsvegen. På Knutsgard er tuftene synlege, og vi veit at ein "Gvite Knut" budde her kring år 1800.

Tarald Wårstulen er nok den i dag som har fare Åsvegen med buferd flest gonger. Han fortel at vegen var grei heilt til dei kom til Løngdal. For å unngå å gå gjennom tunet der med buskapen, måtte dei følgje Løngdalsbekken langs juvet like ned mot Skogsåa. Så måtte dei fare langs østsida av åa like til Sønderlandsvatnet. Dei gamle tuddølane var, som ein skjønar, redde for heimebeitet sitt.

Løngdal

Løngdal ligg vakkert under



Turen nærmar seg slutten. Tunet på Løngdal med Tuddal og Gaustafjella i bakgrunnen

fjellet Bodik. I Bodik budde Bøyg Bodik, eit av dei fem tuddalstrolla som kasta steinar etter kyrkja, fordi kyrkjeklokken uroa dei. Men steinane til Bøyg datt ned halvvegs og heiter Tjønnesteinen. Du ser ennå ein av dei, tett på oppsida av Tuddalsvegen, ved Tjønnehølen. Staden er kjent for mykje spøkeri.

Løngdal tyder lyngdal. Lyng (røsslyng) heiter altså løng i Tuddal.

Hjartdalsfilmar

I fjor tok HHL for seg to historiske filmar frå Hjartdalsbygden og fekk digitalisert desse. Dvs. at dei nå er trygt tatt vare på som datafiler og på DV-tape, og ikkje bare som originalfilm på rull utsatt for alder og falming og i verste fall øydelegging og forsvinning.

Den eine filmen det er snakk om, er den såkalla Hjartdalsfilmen som blei laga midt på 1960-talet, der Jon Stuvøy les kommentarane. Her er vi interessert i å få greie på mest mulig om bakgrunnen for filmen. Den som veit noko om dette vil vi gjerne høre frå snarast. Vi treng også hjelp til å gå gjennom filmen og notere ned namn på personar og stader, slik at vi kanskje kan gjere filmen tilgjengeleg på DVD-plate, utvida med meir tekster/kommentarar.

Den andre filmen blei produsert av Hjartdøla kraftverk i samband med utbygginga på 1950-talet. Både livet i Hjartdal den gongen og sjølve utbygginga blir presentert. Filmen står meir på eigne bein når det gjeld innnhald og bakgrunn. Men denne kan også vere interessant å gje ut, der som Skagerak Energi (nåverande eigar av Hjartdøla kraftverk) er velviljuge.

Les meir i kontaktblad nr.38 på
www.hjartdalhistorielag.no

Når du kjem Åsvegen til Løngdal, får du eit fint utsyn. Ein vakker dal møter deg med blenkande vatn og runde skogkledde nutar. Og bak alle blåner reiser dei to Gaustaknea og sjølve Gaustagubben seg mot himmelen. Du er i Tuddal.

Ennå lever nok dei gamle

orda om at du blir tatt vél imot i bygda:

”Du kjem’kje bort når du kjem te Tuddal.”

Meir om husmannen Tore Bergtjønn finn du s. 57 i ”Glimt av Tuddal – før i verden” v. Ivar T Dahl.

Eit blad frå historielaget til alle husstandar i Hjartdal

Sidan Hjartdal historielag blei skipa i 1989 har det med ujamne mellomrom komme ut 40 større eller mindre kontaktblad som dette. Vanlegvis er det medlemmene som får bladet, men eit par gonger før - og nå ved denne anledninga, sender vi det til alle husstandar i kommunen. Dette er for å gjere merksam på at vi eksisterer, men sjølvsgått har vi ein baktanke om å få fleire medlemmer. Det

skal ligge ein bankgiro i bladet. (Hugs endeleg på å skrive namnet ditt ved betaling) Du kan betale medlemspengane bare for å stø opp om laget, eller du kan i tillegg vere meir aktiv. Det er alltid arbeidsoppgåver å ta fatt på, for eksempel å halde dette bladet i gang. Og nye idear til prosjekt er også velkomne.

www.hjartdalhistorielag.no

VEDTEKTER FOR HJARTDAL HISTORIELAG

- § 1 Hjartdal Historielag skal ha til føremål å vække, auke og spreie interessa for fortida til Hjartdalsbygdene.
Laget skal legge vekt på at bygdehistoria blir sett i samanheng med annan historie og med dei samfunnstilhøva vi har i idag.
- § 2 Laget skal stø opp om og eventuelt drive, vern av kulturminne i Hjartdalsbygdene, eller med tilknyting til desse bygdene.
- § 3 Laget skal vere medlem av Landslaget for lokalhistorie, og der det er naturleg, samordne arbeidet sitt med Telemark Historielag og lokale historielag elles.
- § 4 Laget skal ha eit styre som er plikta til å føre protokoll for alle møte og andre aktivitetar.
Styret skal om det er mulig ha representantar for ulike delar av kommunen, ulike aldersgrupper og begge kjønn.
Styret skal ha 6 medlemmer, 2 varamedlemmer og ein valgkomite på 3 personar. Minst 4 styremedlemmer må vere tilstades for at vedtak kan bli fatta. Dersom det er 4 elle 6 tilstades, skal formannen nytte dobbeltstemme ved avstemningar.
Ein revisor skal uthemnast utanom styret.
Styremedlemmer skal velgast for 2 år av gongen.
Årsmøtet velger formannen, elles konstituerer styret seg på første styremøte etter årsmøtet.
- § 5 Årsmøte skal haldast kvart år før 1.april.
- § 6 Skal vedtektena forandrast, må det vedtas på årsmøte med 2/3 fleirtal.
Framlegg til endringar må sendast via styret til alle medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet.
- § 7 Skal laget oppløysast, må det vedtas på årsmøte med 2/3 fleirtal.
Framlegg om oppløysing må sendast via styret, til alle medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet.
Ved oppløysing skal Hjartdal kommune overta eigedommen til laget, og disponere denne etter rådføring med Museumstenesta for Aust-Telemark.


Ny bok frå Telemark Bygdekvinnelag med mykje stoff frå Hjart- dalsbygdene:

Boka **"Høgtider i året og livet"** omfattar perioden 1850-1950, men med blikk både til tida før 1850 og fram mot vår tid. Boka er eit resultat av tradisjonsststoff innsamla av bygdekvinnelaga i Telemark. Ho er rikt illustret med bilde. Redaktør har vore Guro Nordby, Notodden.

Vi tar med eit julevers frå Tuddal som òg har tradisjon frå andre delar av Telemark, og i fleire variantar:



Julie Flatland frå Sauland tok i 1932 initiativ til å starte Telemark Bondekvinnelag. Her med sonen Torkel. (Frå avsnittet om barnedåp)



*Et lite barn så lystelig
Er fødd for oss på jorden
ut av en jomfru uten svik
han er vor frelser vorden.
Av deg Guds sønn sin manndom så
da måtte verden all forga
Han redning oss vil ráde.
Vi takker sødest Jesus Krist
at du et menn'ske vorden est
Frels oss fra helvides våde.*

I boka finn vi også eit nyttårsvers bruka i Tuddal:

*For sådan mildhets gave
O' Fader i himmerik
Som du oss givet haver,
Vi takker hjertelig.
I Jesu navn vi stå
og beder dei så såre,
gi oss god lykke fore,
Gi oss et fredlig år.*

2. vers avsluttast med
"gi oss et frygtbart år".

3. vers avsluttast med
"godt nytt år".

Guro Nordby er utdanna etnolog og aktiv kulturhistorisk forfattar, nå aktuell med to bøker frå distriktet.

Tidlegare har ho gitt ut bok om Aust-Telemark-bunaden (med Anne H Wagn) og fleire bygdebøker.

(Dessutan er ho mor til dansekjendis Maria Sandvik)

www.guronordby.com




KULTURLANDSKAP I HJARTDAL, NOTODDEN OG SELJORD

Ei vakker bok om kulturlandskapet før og nå i Hjartdal, Notodden og Seljord.

Ei prakt- og inspirasjonsbok som presenterar det mangearta landskapet

ein finn døme på i kommunane Hjartdal, Notodden og Seljord.



- Sjå gamle og nye bilete frå landsbyen i Flatdal, stavkyrkja i Heddal, og det unike jordbrukslandskapet i Hjartdal og Svartdal.
- Møt menneske som har skaffa seg eit næringsgrunnlag basert på gamle tradisjonar i bygdene.
- Gå landskapsvegen i ditt eiga nærområde det kan gi deg gode opplevingar.

*Forfatter: Guro Nordby og
Anne Haugen Wagn
89 s.*

*Forlag: Tun Forlag
Innb.*

*(Denne omtalen er henta frå
utgjevaren - Tun forlag)*

"Lesebok for deg og meg"

Ivar T. Dahl er klar med den fjerde kulturhistoriske praktboka. Nå er det bygdemålet det gjeld.


"Vil du høre ekte bygdemål i Øst-Telemark må du gjøre det nå," er sjølve bakgrunnen for den nye boka.

Interessante og til dels underholdande språkprøver fra dialektområdet Sauherad grense og til Ambjørndalen og Bondal, finn du i den rikt illustrerte boka.

Folketradisjonen i bygdene våre er mangslungen og spenstig. Her var det kunstnarane fann kjeldene, og her er det ennå i år 2007 vi finn delar av Telemark på sitt beste.


Ivar T. Dahl fortel at han har hatt stor nytte av Hjartdal historielag sitt arkivmateriale, m.a. lydbandopptak gjort av Alf Mostue og John O. Bøen. Likeins den eineståande bildesamlinga etter bildekunstnaren Chr. Stenersen i Hjartdal.

Du kan derfor glede deg til ei ny kulturhistorisk reise tilbake til ei tid som dei fleste bare har i draumen.



Boka er til salgs i Hjartdalsbanken i Sauland.

Artikkelen i dette bladet om Åsvegen er henta fra den nye boka **"Lesebok for deg og meg"** etter avtale med forfatteren.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Svein Erik Sletta, 3692 SAULAND
Tlf.: 350 23 391 sesletta@frisurf.no
Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,
3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 skoje@online.no
Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff fra bladet, men oppgi kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*